



Arna Arbeidspartilag

Årsmelding 2023

Arna Arbeidspartilag

Styre og utval for året 2023, valt på årsmøtet i Arna Arbeidspartilag 27. januar 2023:

Styret:

Leiar	Arild Grimstad Iversen	1 år
Nestleiar	Kine Bratli Dale	1 år
Styremedlem	Marit Austnes	ikkje på valg
Styremedlem	John Brattåker	ikkje på valg
Styremedlem	Britt Torvund	2 år
Styremedlem	Laila Abu-Qatma	2 år
Styremedlem	Geir Steinar Dale	2 år
1. varamedlem	Ann Wigdis Wilhelmsen	1 år
2. varamedlem	Ståle Nordøen	1 år

Revisor: Per Torvund 1 år

Revisor: Arvid Eide 1 år

Vara Revisor: Kristin Akselberg 1 år

Representantskapet og årsmøtet i Arbeiderpartiet i Bergen:

Medlemmar:	Vararemedlemmar:
Arild Grimstad Iversen	Laila Abu-Qatma
Kine Bratli Dale	Ståle Nordøen
John Brattåker	Ann Wigdis Wilhelmsen
Marit Austnes	Per Torvund
Geir Steinar Dale	
Britt Torvund	

Representantskapet og årsmøte i Vestland Arbeiderparti:

Medlemmar:	Varamedlemmar:
Arild Grimstad Iversen 1 år	Geir Steinar Dale 1 år
Marit Austnes 1 år	Kine Bratli Dale 1 år
	John Brattåker 1 år
	Britt Torvund 1 år

Kvinneutvalet:

Britt Torvund

Styrerepresentantar i IS Kulturhuset Sentrum:

Medlem: Geir Steinar Dale 1 år

Varamedlem: Kine Bratli Dale 1 år

Årsmøte IS Kulturhuset Sentrum:

Medlem: Kine Bratli Dale 1 år

Medlem: Arild Grimstad Iversen 1 år

Medlem: Geir Steinar Dale 1 år

Varamedlem: Kristin Akselberg 1 år

Representantar i Fylkestinget:

Kine Dale, medlem - Fylkesutvalet og Hovedutval for kultur, idrett og integrering

Representantar i Bergen bystyre:

Geir Dale, medlem - Utval for miljø og byutvikling, komitéleiar fram til oktober 2023, fraksjonsleiar frå oktober 2023. Fram til oktober 2023 og gruppeleiar for bystyregruppa.

Nils Gunnar Knutsen, varamedlem - Utval for finans, kultur og næring, fram til oktober 2023

Valkomite 2023:

Leiar: Kristin Akselberg 1 år

Medlem: Einar Salbu 1 år

Medlem: Britt Torvund 1 år

Årsmøte 27.01.23

Årsmøtet 2023 blei det første fysiske årsmøtet i laget etter pandemirestriksjonar i åra 2021-2022. Møtet blei avholdt i Speilsalen i Kulturhuset Sentrum i Ytre Arna, og det var medlemmar til stades. Fungerande ordførar Linn Kristin Engø hdde innleiing om den politiske situasjonen, med hovudfokus på den komande kommune- og fylkestingsvalkampen. Det blei vedteke 3 saker/uttalar, knytt til screening av prostata, nytt kvindefengsel i Bergen og straumprisar. Desse vart alle oversende til Arbeiderpartiet i Bergen sitt årsmøte.

Politisk rekneskap for årsmøtevedtak

Forslag om screening av prostata - Vedtatt på årsmøte AiB, oversendt til Landsmøte AP, ble der fulgt opp i form av en intensjonsstøtte, men ikke blitt endelig politikk nasjonalt

Forslag om nytt kvindefengsel i Bergen - Vedtatt på årsmøte AiB, oversendt Landsmøte AP, jobbes videre med det, men ikke blitt endelig politikk nasjonalt

Uttale om straumprisar - fulgt opp som del av uttale frå årsmøte AiB, oversendt Landsmøte AP

Æresbevisningar / merkeutdeling:

Merkeutdeling har vore vanleg å gjera på årsmøte, men sidan det var digitale årsmøter i 2021 og 2022, vart ikkje dette følgd opp og mange merkeutdelingar vart samla opp til årsmøtet i 2023. Følgjande har fått utdelt merke/diplom for medlemskapet sitt i Arbeiderpartiet for 2020, 2021 og 2022:

Kristin Akselberg	20 år (2020)
Kjell Drangevåg	30 år (2020)
Ellen Sveri	40 år (2020)
Helge Johnsen	50 år (2020)
Endre Nåmdal	20 år (2021)
Terje Brunborg	20 år (2021)
Per Listhaug	60 år (2021)
Arne Natås	30 år (2022)
Karin YtreArne	40 år (2022)
Olav Magne Gjerde	50 år (2022)
Rune Arnesen	50 år (2022)
Harald Brunborg	50 år (2022)



Følgjande medlemmar vil bli heidra med æresbevisningar på årsmøtet i 2024 for 2023:

Arvid Eide 20 år

Bjarte Aaland 20 år

John Arne Slåke 30 år

Kasten Fjellanger 70 år

Per Torvund 50 år

Reidar Osland 20 år

Turid Gaasdal 40 år

1. mai arrangementet:



1. mai vart gjennomført på tradisjonelt vis, med prosesjon, kransnedleggjing, talar, underhaldning og barneleikar i Ytre Arna. Hovudtalar var fungerande byrådsleiar

Rune Bakervik, medan ungdomsappell vart halden av June Trengereid Gruer frå AUF og internasjonal appell vart halden av Charlotte Morkken frå Norsk Folkehjelp. Arrangementet blei gjennomført innandørs, med god deltaking. Arne Musikforening var med, slik at det blei ei verdig og fin markering.



Medlemssamling/Sommarmøte:



Laget hadde glede av å arrangere felles sommaravslutning saman med partilaget i Åsane. Samlinga vart halde i Espeland fangeleir, med "korgafest", gode samtalar og politisk innleiing frå fungerande byråd for helse og omsorg, Ruth Grung. Vi fekk også med oss ei lita omvising i leiren, med

sterke og viktige historier om det leiren representerer, og korleis museet



bidreg til kunnskap om leirens mørke fortid til nye generasjonar. Det møtte mellom 15 og 20 personar totalt frå begge lag.

Valkampen:

Valkampen for kommune- og fylkestingsvalet 2023 blei ei av dei største aktivitetane dette året. Målet var å sikra fornying av støtte til sitjande byråd i Bergen v/Rune Bakervik, og fornying av støtte til leiande koalisjon på fylket. Sjølv om vala både på kommune- og fylkestingsnivå for Arbeidarpartiet sin del ikkje var dei mest oppløftande, er vi nøgde med at koalisjonen på fylket held fram, at laget har faste representantar valde inn både i bystyret og på fylkestinget, og at vi i Arna fekk resultat både i Indre Arna og Ytre Arna valkrets som låg over kommunen generelt, og at vi i Indre Arna valkrins slo Høgre på målstreken med få stemmer.

Aktivitetar som laget gjennomførte eller deltok på i valkampen:

- Kaffiaksjon på Arna stasjon 23.august
- Politikarbenker/stands på Øyrane Torg 19.august, 2. og 8.september
- Turaksjon i Osen 20.august
- Diverse husbesøk i både eigen og andre bydelar
- Valboda på Torgallmenningen
- Stands i andre bydelar
- Folkemøte om utvikling i Arna på Storaneset 29.august



Totalt 10 av Arna Arbeidarpartilag sine medlemmar deltok aktivt i valkampaktivitetar, i tillegg fekk vi god bistand av medlemmar frå andre lag, noko vi er svært takksame for.

Andre aktiviteter:

Etter årsmøtet 27.01.23 har styret hatt 9 styremøte. Det er sendt ut julekort til alle medlemmar i desember 2023. Styret har og hatt jamleg kontakt via messenger.

Det har vore gjennomført 3 kaffi-aksjonar på Arna Stasjon, og 2 «politikarbenkar» på Øyrane Torg utover aktivitetane som er nemnt gjennom valkampen.



Styret har dette året søkt å få til betre arkivering av dokument/protokollar til laget, og starta på lagring av dette i Arbeidarpartiet sitt medlemssystem, mittap.no. Foreløpig er alle protokollar frå 2023, inkludert årsmøteprotokoll, lagra i systemet. Kun dei med lokaladministratortilgang har hove til å gå inn i desse dokumenta. Arkivering av eldre dokument vil det bli arbeidd vidare med i 2024

I årsmelding for 2022, er og eldre historie for partilaget med ønskje om meir heilskapleg oversikt over kor dokumentasjon for dette er lagra, nemnt som ønska å arbeida vidare med i 2023. Dette er ikkje blitt prioritert, og arbeidet med dette er noko som bør følgast nærmare opp i 2024.

Eigne vedtekter/retningsliner for partilaget vart og nemnt i årsmeldinga i fjar som eit punkt styret i 2023 burde ha til vurdering. Etter ei nærmare vurdering og koordinering med partikontoret i Bergen, er det konkludert med at dette ikkje er hensiktsmessig, og at det er tilstrekkeleg å forholda seg til sentrale vedtekter og vedtektena til Arbeiderpartiet i Bergen.

Konklusjon:

Pr. 31.12.2023 hadde laget 81 medlemmar, (80 medlemmar og 1 støttemedlem), dette er noko lavare enn i 2022. Nokre har aktivt meldt seg ut, samstundes som vi har fått nokre nye medlemmar. Medlemsutviklinga er noko styret har fokus på og vil jobba vidare med, og håpar på eit aktivt år der vi som lag får til auka rekruttering gjennom påverknad ovanfor bekjente og gjennom å vera med på aksjonar og arrangement i bydelen.

2023 har vore eit aktivt år, og vi er stolte av dei aksjonane og arrangementa vi har gjennomført både før, under og etter valkampen. Spesielt vil vi trekka fram folkemøtet på Storaneset 29.august som ein type aktivitet som gir god publisitet og merksemd rundt laget og bydelen. Vi håper på å få gjennomført minst eit liknande folkemøte om eit aktuelt tema også i 2024, i tillegg til dei andre faste aksjonar som synliggjer oss og partiet vårt ovanfor arnabuen.

Styret takkar for tilliten i 2023.



ARNA ARBEIDARPARTILAG, den 19.01.24

v/styret

Arild Grimstad Iversen

leiar